



Rosendal/Uskedal leverte ein god førsteomgang (Foto: Ida Røsland)

Småjentelaget til Uskedal/Rosendal deltar dette året i Adidas-cup som er eit uoffisielt NM for aldersbestemte fotballag. Første kampen gjekk mot Vadmyra på bortebane i Loddefjord 1. mai. Vadmyra skulle vera godt kjent for det gode arbeidet dei har gjort i barne- og ungdomsfotballen i ei årrekke. Godt var og laget jentene våre møtte. Dei gjorde ein god innsats, men dei fekk erfara at resultatet i fotballkampar ikkje alltid avspeglar styrkeforholdet på banen. Dermed enda det med eit klart tap.

I følgje rapportane frå kampen kom Rosendal/Uskedal godt i gang. Gjennom heile opningsomgangen var dei fullt på høgde med vertane. Dei spela seg fram til fleire gode sjansar, og ved eit høve trilla ballen langs målstreken. I mål ville den imidlertid ikkje. Hol på byllen fekk derimot Vadmyra då dei vart tildelt straffespark. Dermed var pauseresultatet 1-0.

Utover i 2. omgang tilreiv heimelaget seg meir og meir av initiativet, men Rosendal/ Uskedal kjempa godt og stod lenge i mot presset. I slutten av kampen kom måla. Då opplevde ein den berømte ketchup-effekten, og måla rann inn ganske så tett. Sluttresultatet vart dermed heile 8-1 til Vadmyra.

Resultatet gjev ikkje noko rett bilete av styrkeforholdet mellom dei to laga. Like fullt var Vadmyra det beste laget. Det var eit svært godt fotballag, og det er mellom anna ved å møte så gode motstandarar det lovande småjentelaget vårt skal utvikla seg vidare.

Det var fire Uskedalsjenter som spela kampen: Anette Sandnes, Monika Helen Kårstad, Margareth Sæle og Silje Bråtun. Ida Røsland skulle og ha vore med, men då ho for tida er skada, gjorde ho i staden ein god jobb på sidelina som heiajeng og fotograf for uskedalen.no. Vi håpar ho er klar til neste kamp. Den går mot Fyllingen borte komande mandag. Det fjerde laget i denne innleiingspulja i Adidas-cup er Bergen Nord/Hovding. Vinnarane av pulja går vidare til kvartfinale. Vi ønskjer laget vårt lukke til.

Av Thor Inge Døsland



Godt med ein slurk vatn i varmen, tykkjer Anette Sandnes frå Uskedalen. (Foto: Ida Røssland)